

Til: Redaksjonar i Møre og Romsdal  
Frå: NAV Møre og Romsdal  
Dato: 7. september 2023  
Emne: PRESSEMELDING 10/2023 - Sjukefråvær 2. kvartal 2023

## Sjukefråværet i Møre og Romsdal aukar minst i landet

**Det legemeldte sjukefråværet i Møre og Romsdal 2. kvartal 2023 var 5,8 prosent, noko som er 1,5 prosent høgare enn i same kvartal i fjor. Samla for landet var sjukefråværet 5,5 prosent.**

### Sjukefråværet i Møre og Romsdal aukar mindre enn i andre fylker

Sjukefråværet i Møre og Romsdal har sidan 2015 vore høgare enn gjennomsnittet for landet. I andre kvartal 2023 var sjukefråværet i Møre og Romsdal 5,8 prosent, medan fråværet i landet var 5,5 prosent. Det samla sjukefråværet for landet har det siste året auka med 4,7 prosent, medan det i Møre og Romsdal aukar med 1,5 prosent. Nest lågast auke har Nordland med 2,2 prosent. Mest auke har Trøndelag med 7,5 prosent det siste året. Tross dette har Trøndelag framleis 0,1 prosentpoeng lågare sjukefråvær enn Møre og Romsdal.


Sjukefråværet går ned i mange av kommunane i fylket samanlikna med 2. kvartal i fjor. Til dømes har Kristiansund og Molde ein nedgang på meir enn 2 prosent. Samstundes aukar sjukefråværet i Ålesund med 8,7 prosent.

Ålesund og Molde har dei siste åra hatt eit lågare sjukefråvær enn samla for fylket, medan Kristiansund har hatt eit høgare fråvær. Utviklinga det siste kvartalet gjer at fråværsprosenten både i Ålesund og Kristiansund no er lik fråværet i fylket. Molde ligg framleis litt lågare enn fylkessnittet.


### Framleis auke i psykiske lidningar

Samanliknar vi sjukefråværet 2. kvartal i 2023 med same kvartal dei siste åra, ser vi ei stor auke av tapte dagsverk blant sjukmeldte med diagnosar knytt til psykiske lidningar. Det same såg vi i førre kvartal. I dette kvartalet i 2023 var delen med sjukdommar innan denne diagnosegruppa 23,6. I sama kvartal i 2019 til 2022 var fråværet mellom 19,1 og 21,9 prosent.


**Figur 1: Sjukefråvær i 1. kvartal sidan 2015**



**Figur 2: Sjukefråværet i kommunane i Møre og Romsdal - 2. kvartal 2023**



**Figur 3: Sjukefråvær i prosent sidan 1. kvartal 2015**



Tabell 1: Sjukefråvær i prosent fordelt på fylker og kommunar

	2. kvartal 2019	2. kvartal 2020	2. kvartal 2021	2. kvartal 2022	2. kvartal 2023	Endring siste år
Heile landet	4,7 %	5,0 %	5,1 %	5,2 %	5,5 %	4,7 %
Agder	5,0 %	5,6 %	5,6 %	5,6 %	5,8 %	4,6 %
Innlandet	5,2 %	5,6 %	5,5 %	5,6 %	5,8 %	3,1 %
Møre og Romsdal	5,1 %	5,4 %	5,6 %	5,7 %	5,8 %	1,5 %
Nordland	5,8 %	6,0 %	6,1 %	6,1 %	6,3 %	2,2 %
Oslo	3,9 %	4,0 %	4,0 %	4,3 %	4,5 %	6,5 %
Rogaland	4,2 %	4,4 %	4,7 %	4,6 %	4,7 %	2,4 %
Troms og Finnmark	5,4 %	5,8 %	6,1 %	6,1 %	6,3 %	2,3 %
Trøndelag	4,9 %	5,2 %	5,3 %	5,3 %	5,7 %	7,5 %
Vestfold og Telemark	4,8 %	5,1 %	5,3 %	5,3 %	5,6 %	5,6 %
Vestland	4,8 %	5,0 %	5,3 %	5,4 %	5,6 %	4,3 %
Viken	4,8 %	5,1 %	5,1 %	5,3 %	5,6 %	5,7 %
1505 Kristiansund	5,2 %	5,5 %	5,8 %	5,9 %	5,8 %	-2,3 %
1506 Molde	4,9 %	5,1 %	5,3 %	5,5 %	5,4 %	-2,7 %
1507 Ålesund	4,9 %	5,2 %	5,4 %	5,4 %	5,8 %	8,7 %
1511 Vanylven	5,4 %	6,4 %	7,1 %	7,3 %	8,2 %	12,3 %
1514 Sande	4,8 %	5,6 %	5,9 %	5,7 %	6,4 %	12,2 %
1515 Herøy	5,1 %	5,6 %	6,0 %	6,1 %	5,7 %	-7,7 %
1516 Ulstein	4,5 %	4,3 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	0,2 %
1517 Hareid	5,2 %	5,9 %	5,9 %	6,7 %	5,3 %	-21,2 %
1520 Ørsta	5,9 %	6,1 %	6,4 %	5,6 %	6,2 %	10,8 %
1525 Stranda	4,6 %	4,9 %	5,9 %	6,0 %	6,7 %	12,4 %
1528 Sykkylven	6,1 %	6,2 %	5,4 %	5,9 %	6,7 %	12,0 %
1531 Sula	5,6 %	6,0 %	5,9 %	5,8 %	6,0 %	3,9 %
1532 Giske	5,7 %	5,3 %	5,8 %	5,9 %	6,6 %	11,3 %
1535 Vestnes	5,8 %	6,4 %	6,9 %	6,2 %	5,8 %	-5,7 %
1539 Rauma	5,6 %	5,3 %	6,4 %	5,2 %	5,6 %	9,0 %
1547 Aukra	4,8 %	6,0 %	6,1 %	5,6 %	6,0 %	6,4 %
1554 Averøy	5,6 %	6,4 %	6,1 %	6,6 %	6,2 %	-5,9 %
1557 Gjemnes	6,0 %	5,3 %	5,7 %	5,9 %	4,7 %	-19,8 %
1560 Tingvoll	4,2 %	5,9 %	6,0 %	6,1 %	5,7 %	-7,5 %
1563 Sunndal	3,6 %	3,3 %	3,7 %	4,2 %	4,0 %	-5,4 %
1566 Surnadal	5,2 %	5,3 %	5,8 %	5,8 %	4,9 %	-15,4 %
1573 Smøla	5,7 %	6,6 %	6,0 %	6,5 %	6,1 %	-6,0 %
1576 Aure	4,3 %	5,4 %	5,4 %	5,6 %	5,4 %	-3,5 %
1577 Volda	5,6 %	5,8 %	6,2 %	6,6 %	5,9 %	-10,3 %
1578 Fjord	4,4 %	5,6 %	6,7 %	6,2 %	6,3 %	0,8 %
1579 Hustadvika	4,8 %	5,4 %	5,4 %	5,7 %	5,7 %	-0,4 %